

Randaberg kommune

15/13395

Fylkesmannen i Rogaland  
Postboks 59 Sentrum

4001 STAVANGER

Arkivsaknr.	Arkivkode	Avd/Sek/Saksb	Deres ref.	Dato:
15/2172-15	002	KOM/FEL/TMH		23.06.2016

## MELDING OM VEDTAK: KOMMUNEREFORMEN

Kommunestyret behandlet i møte 22.06.2016 sak 40/16 . Det er fattet følgende vedtak:

- Med bakgrunn i spørreundersøkinga i Randaberg kommune, og folkeavstemmingane i dei andre tre kommunane, ser kommunestyret Utstein-alternativet som uaktuelt.
- Ein stor regionkommune med utgangspunkt i Stavanger og Sandnes er og uaktuell så lenge Sandnes og Sola ikkje vil gå saman med Stavanger.
- Å bli innlemma i Stavanger kommune gir ingen vesentlege gevinstar, hverken for Stavanger kommune eller Randaberg kommune. Stavanger løyser ikkje sine arealproblem, samferdselsproblem eller samfunnsutviklingsutfordringar. Ei slik løysing vil i tillegg kunna gi ulemper for innbygarane i Randaberg kommune i form av svekka lokaldemokrati og større avstand til tjenestane. Fleksibiliteten i ein mellomstor kommune vil og forsvinna.
- Randaberg kommune er ein mellomstor norsk kommune med sunn økonomi som gir gode tjenester til sine innbygarar.
- Randaberg kommune er stor nok til å ha den kompetansen som er nødvendig for å driva ein kommune på ein god måte, både nå og i framtida.
- Randaberg kommune vil fortsetta samarbeidet med dei andre kommunane i regionen om felles oppgaver og samfunnsutvikling, gjennom dei interkommunale selskapa me har saman i dag.



# Saksframlegg

Arkivsak: 15/2172-9  
Sakstittel: KOMMUNEREFORMEN

K-kode: 002

## Saken skal behandlast av:

Formannskapet

Kommunestyret

## Rådmannen si tilråding til vedtak:

- Med bakgrunn i spørreundersøkinga i Randaberg kommune, og folkeavstemmingane i dei andre tre kommunane, ser kommunestyret Utstein-alternativet som uaktuelt.
- Ein stor regionkommune med utgangspunkt i Stavanger og Sandnes er og uaktuell så lenge Sandnes og Sola ikkje vil gå saman med Stavanger.
- Å bli innlemma i Stavanger kommune gir ingen vesentlege gevinstar, hverken for Stavanger kommune eller Randaberg kommune. Stavanger løyser ikkje sine arealproblem, samferdselsproblem eller samfunnsutviklingsutfordringar. Ei slik løysing vil i tillegg kunna gi ulemper for innbygarane i Randaberg kommune i form av svekka lokaldemokrati og større avstand til tjenestane. Fleksibiliteten i ein mellomstor kommune vil og forsvinna.
- Randaberg kommune er ein mellomstor norsk kommune med sunn økonomi som gir gode tjenester til sine innbygarar.
- Randaberg kommune er stor nok til å ha den kompetansen som er nødvendig for å driva ein kommune på ein god måte, både nå og i framtida.
- Randaberg kommune vil fortsetta samarbeidet med dei andre kommunane i regionen om felles oppgaver og samfunnsutvikling, gjennom dei interkommunale selskapa me har saman i dag.
- Randaberg kommune fortsetter som eigen kommune

## Grunnlagsdokumenter:

Intensjonsavtale Utstein (vedlagt)

Utfyllande informasjon, intensjonsavtalen (vedlagt)  
Brev frå Fylkesmannen om kommunereforma den 15.04.2016 (vedlagt)  
Fakta om Randaberg kommune (vedlagt)  
Resultat av spørreundersøking (vedlagt)

### **Bakgrunnen for saka:**

Randaberg kommune sitt utgangspunkt i kommunereforma har vore at ein ønsker å fortsetta som eigen kommune. Derfor hadde me fleire politiske rundar før kommunen vart med på den felles utgreiinga til åtte kommunar på Jæren og Stavanger-halvøya. Konklusjonen på denne utgreiinga frå Randaberg kommune si side var at ein ikkje ville vera med på vidare «nabopratt» med Stavanger, Sandnes og Sola. Me såg heller ikkje behovet for å utgreia kommunesamanslåing med øykommunane i nord. I januar i år hadde formannskapet møte med Fylkesmannen i Rogaland, og Randaberg kommune oppfatta det som om Fylkesmannen ikkje syns kommunen hadde gjort jobben sin i forhold til kommunereforma. Med bakgrunn i dette har kommunen hatt ein prosess med nabokommunane i nord om Utstein kommune.

På kommunestyremøte 12. mai 2016 vedtok kommunestyret at intensjonsavtalen om Utstein kommune skulle leggest til grunn for folkehøyring, og for ein eventuell Utstein kommune frå 2020. Folkehøyringa vart gjennomført som ei spørreundersøking i tidsrommet 1-8 juni 2016.

Denne saka oppsummerer korleis kommunereforma har blitt behandla i Randaberg kommune og er Randaberg kommune si sluttbehandling av denne.

Når kommunane har fatta vedtak om kven dei eventuelt vil slå seg saman med innan 1. juli 2016, skal fylkesmennene teikna sine forslag til kommunekart for kvart fylke innan 1. oktober. Basert på vedtak og saksframstilling frå kommunane, saman med innstilling frå fylkesmennene, skal Stortinget fatta vedtak om nye kommunar våren 2017.

### **Saksopplysningar:**

Randaberg kommune har behandla kommunereforma i mange saker dei to siste åra. Desse sakene inneheld mykje bakgrunnsinformasjon som ikkje blir lagt ved i denne saka, men som kan finnast på kommunen sine heimesider. Her er ei kort oppsummering av det som har skjedd:

- KST 19/6-14 (sak 48/14). Vedtak om ikkje å utgreia samarbeid med Rennesøy, Finnøy og Kvitsøy kommunar, og at Randaberg vil fortsetta som eigen kommune
- KST 19/9-14 (sak 51/14). Vedtak om at Randaberg kommune på nåverande tidspunkt ikkje ønsker å ha samtalar med andre kommunar
- KST-16/10-14 (sak 69/14). Vedtak om å vera med i Jærrådet si utgreiing om kommunereforma (=utgreiinga til 8 kommunar i Stavanger-regionen). Presisering i vedtaket om at kommunegrenser ikkje skal vera ein del av denne utgreiinga.
- KST 19/3-15 (sak 23/15). Statusrapport om felles utgreiing tatt til orientering. Ekstra vedtakspunkt: «*Randaberg kommunestyre ber ordføreren svare positivt på henvendelsen fra ordføreren i Finnøy om samarbeid ang kommunereform.*»
- KST 10/9-15 (sak 65/15). Rapport frå utgreiing lagt fram. Vedtak om at Randaberg kommune forstetter som eigen sjølvstyrt landbrukskommune. I tillegg presisert at Randaberg kommune ikkje vil ta initiativ til andre nabosamtalar.

- KST 11/2-16 (sak 2/16). Orienteringssak om kommunereforma til nytt kommunestyre. Vedtak om nabopratt med Rennesøy, Finnøy og Kvitsøy kommunar, og om folkehøyring gjennom spørreundersøking.
- KST 12/5-16 (sak 28/16). Vedtak om folkehøyring/spørreundersøking og intensjonsavtale om Utstein kommune.

Proessen rundt Utstein kommune har vore god, og kommunane vil ha nytte av arbeidet uavhengig av om dei slår seg saman eller ikkje. Resultata av prosessen (intensjonsavtale med vedlegg) er kommunisert med innbyggjarane i alle kommunane, og det har vore stor debatt om alternativet i ulike media.

I spørreundersøkinga i Randaberg kommune fekk eit representativt utvalg (1 000 personar) av innbyggjarane over 16 år eitt spørsmål om kommunereforma med to alternative svar:

1. Ønsker at Randaberg fortsetter som egen kommune
2. Ønsker at Randaberg slår seg sammen med Rennesøy, Finnøy og Kvitsøy, også kalt Utstein-alternativet

I tillegg til dette vart det innhenta opplysningar om alder og kjønn. Det vart og registrert om innbyggjaren ikkje ønsker å svara på spørsmålet, eller svarer at dei ikkje veit kva dei ønsker.

Resultatet av spørreundersøkinga vart slik:

Ønsker at Randaberg kommune fortsetter som eigen kommune: 62,2 %  
 Ønsker at Randaberg kommune blir ein del av Utstein kommune: 26,2 %  
 Veit ikkje: 8 %  
 Vil ikkje svara: 3,7 %

Rennesøy og Kvitsøy hadde folkeavstemming om kommunereforma 1. juni, Finnøy 8. juni. Resultata vart slik:

Kommune	Spørsmål	Ja	Nei	Valgdeltaking
Rennesøy	Slå seg saman	56,7 %	38,9 %	47,1 %
Kvitsøy	Slå seg saman	18,3 %	78,5 %	54,2 %
Finnøy	Slå seg saman	67,9 %	28,8 %	48,1 %

Finnøy og Rennesøy hadde i tillegg spørsmål om ein ønska å slå seg saman med Stavanger eller danna Utstein kommune. Resultata på det vart slik:

Kommune	Spørsmål	Utstein	Stavanger
Rennesøy	Utstein eller Stavanger	38,9 %	46,0 %
Finnøy	Utstein eller Stavanger	8,9 %	75,0 %

Alle kommunar skal fatta vedtak om kommunereforma innan 1. juli 2016. Utstein-kommunane har fastsett kommunestyremøte på desse dagane i juni:

Kommune	Møtedato ordinært møte





til tjenestane og mindre lokaldemokrati. Ein slik ny kommune vil ikkje bidra vesentleg til at samfunnsutviklinga blir meir samordna i regionen.

Når det gjeld alternativet Utstein skreiv rådmannen i KST-sak 65/15 dette: «*Vi ser at øykommunene i nord og vest kan ha utfordringer i forhold til ønsket størrelse for framtidens kommuner. Rådmannen ser ikke dette som noe godt alternativ for Randaberg kommune. Alternativet gir få fordeler i forhold til dagens struktur, og vil kreve mye for å få en homogen kommune, både i forhold til ulike kulturer og geografi.*»

Nokre fordelar med Utstein kommune kan likevel vera:

- Ein større kommune med 20.000 innbyggjarar kan ha breiare kompetanse enn kommunane på 11.000 innbyggjarar og mindre kan ha kvar for seg. Dette ser me gjennom at me i dag har felles barneverntjenester og PPT i dei aktuelle kommunane.
- Dei fire kommunane har i dag spisskompetanse innan ulike delar av landbruk/havbruk. Ein samla kommune vil bli styrka på desse områda og kan framstå som ein grønn, dynamisk og framtidsretta kommune.
- Dei fleste Utstein-kommunane taper på nytt inntektssystem. I forhold til tall som tidlegare er vist er tapa mindre, i alle fall dei første åra. Dette delvis fordi effekten av strukturkriteriet er halvert i prosessen. Men og fordi me først i kommuneproposisjonen såg effekten av inntektsgarantiordninga(INGAR) som garanterer at ingen kommunar får for store tap ved omleggingar av inntektssystemet. Me vil fortsatt få tilskott til samanslåingsprosessen, og me vil reversera dei største utslaga av nytt inntektssystem om me slår oss saman. Men når tapa blir mindre, blir og gevinsten av ikkje å få tapa mindre.

Utfordringar med Utstein kommune i forhold til å fortsetta som Randaberg kommune er blant anna:

- Ei meir spreidd busetting og ulike lokalsentra. Er Randaberg eit naturleg sentrum for resten av kommunen, eller vil ein slita med lokaliseringsdebattar i uoverskueleg framtid?
- Utstein kommune løyser lite av utfordringane på samfunnsutvikling som Randaberg kommune må forholde seg til
- Kommunikasjonen internt i Utstein kommune er ikkje god slik det er nå, og delar av Utstein kommune (Finnøy) er nærare knytta til Stavanger enn Randaberg kommunikasjonsmessig (hurtigbåt).

Innbyggjarene i alle dei fire Utsteinkommunane har sagt nei til Utstein kommune. Resultatet i Rennesøy er mest uklart, der det er jamnt mellom dei som vil ha eigen kommune og dei som vil slå seg saman. Dei to alternativa Stavanger og Utstein kjem og ganske likt ut. I Kvitsøy har innbyggjarane gitt eit tydeleg nei-signal til samanslåing, mens det i Finnøy er stort fleirtal for å slå seg saman med andre kommunar, og Stavanger har klart fleire tilhengerar enn Utstein.

I Randaberg kommune avviste innbyggjarane Utstein-alternativet. Den statistiske konklusjonen er at det er 95 % sannsynleg at blant alle over 16 år som bur i Randaberg kommune, er mellom 59 % og 65 % for at Randaberg heller ortsetter som eigen kommune. I ei folkeavstemming der 40 – 60 % av innbyggjarane stemmer, veit me ikkje noko om dei som stemmer i forhold til dei som ikkje stemmer (representativitet). Me kan derfor ikkje i like stor grad trekka slutningar

om kva alle meiner ut få ei folkeavstemming. Men me får ei eksakt telling av meininga til dei som faktisk stemmer.

I spørreundersøkinga vart det ikkje spurt om innbyggjarane ville slå seg saman med Stavanger kommune (to kommunar aleine, eller saman med Rennesøy og Finnøy). Det ville vore vanskeleg for innbyggjarane å ta stilling til eit slikt alternativ når hverken dei eller politikarane i dei to kommunane veit noko om korleis eit slikt alternativ eventuelt skulle sjåast ut. Randaberg kommune har ikkje hatt samtalar med Stavanger kommune om konkrete samanslåingsalternativ etter at me gjekk ut av forhandlingane om Nord-Jæren for eitt år sidan. Det ville vore useriøst å kasta eit heilt nytt og ikkje diskutert/utgreia alternativ inn i spørreundersøkinga i siste sekund.

### *Tvangssamanslåing?*

Når så mange kommunar i heile landet ser ut til å ikkje villa slå seg saman, har spørsmålet om tvang i kommunereforma blitt diskutert. Dette spørsmålet har og blitt reist knytta til at det ser ut som eit realistisk alternativ at Stavanger, Rennesøy og Finnøy slår seg saman til ein kommune («nye Stavanger kommune» eller «Sør-Ryfylke kommune»?). Mange meiner det då er naturleg at Randaberg kommune blir ein del av denne nye kommunen, og at Fylkesmann/Storting vil bruka tvang for å få dette til.

Rådmannen forholder seg til at kommunereforma i utgangspunktet skal vera frivillig, og at tvang skal brukast unntaksvis når ein (eller fleire) kommunar står i vegen for ei god løysing for andre kommunar (og for heilskapen).

Då kommunereformen vart starta i 2014 presiserte Stortinget at denne skulle vera frivillig: *«Samtidig er flertallet opptatt av at det skal være reell frivillighet for de kommunene som deltar i sammenslåingsprosesser. Dersom kommuner etter en helhetlig vurdering og etter å ha innhentet synspunkter fra sine innbyggere konkluderer med at sammenslåing ikke er aktuelt på det nåværende tidspunkt, er dette en konklusjon flertallet mener må respekteres.»*

Dette bygger på Sttingsvedtak frå 1. juni 1995 i etterkant av reformforslaget om kommunestrukturen i Sttingsmelding nr 32 1994/95:

*«Sttinget ber regjeringen legge til grunn at framtidige endringer i kommunestrukturen ikke skal omfatte kommuner der kommunestyret eller innbyggerne i en folkeavstemning har gått mot kommunesammenslåing.»*

Dette vedtaket kom året etter at Fredrikstad og omlandskommunane vart samanslått trass i nei-fleirtal i alle kommunane det gjaldt.

Rådmannen kan ikkje sjå at det er tungtvegande grunnar for tvang mot Randaberg kommune hvis det blir vedtak om Nye Stavanger kommune med Stavanger, Rennesøy og Finnøy som deltakarkommunar. Dersom Finnøy og Rennesøy (eller bare Finnøy) kommunar som småkommunar frivillig velger å slå seg saman med ein større kommune (Stavanger), er dette heilt i tråd med intensjonane i kommunereforma. Det å tvangsinnlemma nabokommunen i den nye kommunen er i utgangspunktet ikkje det.

I tabellen under har rådmannen vurdert nokre forhold som vanlegvis blir brukt som argumenter for tvangssamanslåing opp mot Nye Stavanger kommune og Randaberg kommune. Rådmannen presiserer at vurderingane under ikkje er argumenter for eller mot



kommunesamanslåing generelt eller i dette spesielle tilfellet, men ei vurdering av kjente argument for å bruka tvang for å få det til.

Forhold	Vurdering	Kommentar
Kommunikasjon	For (lite vesentleg)	Innbyggjarane i Nye Stavanger kommune må køyra to kilometer på statleg europaveg (E39) gjennom Randaberg for å komma til og frå bydelane Rennesøy og Finnøy
Geografi	For (ikkje vesentleg)	Nye Stavanger kommune vil høyra saman som ei naturleg eining utan Randaberg kommune. Både Rennesøy og Finnøy er knytta til Stavanger via sjøen. Stavanger og Rennesøy har felles grense i dag på Åmøy. Rennesøy og Finnøy kommunar vil framstå som ein del av Nye Stavanger kommune på same måten som byøyane gjer det i dag. Finnøy vil fortsatt ha hurtigbåt frå Judaberg til sentrum av Stavanger som ei viktig samferdselsåre. Stavanger vil som nå ha grensa mot nord midt på ei øy. I dag på Åmøy, i Nye Stavanger på Ombo. Randaberg kommune har i dag grense på land mot Stavanger og grense i sjø mot Stavanger, Sola, Kvitsøy og Rennesøy. Med nye Stavanger kommune vil Randaberg ha grense på land mot Stavanger og grense i sjø mot Sola, Kvitsøy og Stavanger.
Kompetanse	Ikkje vesentleg	Dette har vore eit argument for å slå saman Rennesøy og Finnøy kommunar med andre større kommunar. Dei meiner dei er for små til å få tak i den kompetansen dei treng for å gi innbyggjarane gode tjenester, i alle fall i framtida. Randaberg kommune er ein mellomstor norsk kommune, og me har i liten grad hatt spesifikke problemer med å rekruttera og beholda rett kompetanse. Me har opplevd problemer med å rekruttera visse yrkesgrupper, men då har det i hovudsak vore ei felles utfordring for heile regionen og/eller kommunesektoren. Då me oppretta felles barnevern med Rennesøy og Finnøy i 2014 var det etter oppfordring frå Fylkesmannen. Me hadde eit godt barnevern med god og nok kompetanse, og Fylkesmannen meinte at me med bakgrunn i dette og burde kunna ta ansvar for barnevernet i dei to andre kommunane (som hadde store problemer med å få nok og rett kompetanse til sine barnevern). Dei siste tilsyna Randaberg kommune har hatt frå Fylkesmannen, og forvaltningsrevisjonsprosjekta kontrollutvalget har fått gjennomført, konkluderer med at me i hovudsak har god kompetanse og gode systemer der me har blitt granska.

Regionalutvikling	Ikkje vesentleg	<p>Dei regionalpolitiske utfordringane i Stavangerregionen får inga løysing av Nye Stavanger kommune, eller av at denne eventuelt og omfatter Randaberg kommune. For å løysa desse utfordringane må ein minst danna ein ny kommune som består av Stavanger, Sandnes, Sola, Randaberg og dei av nabokommunane som ser denne storkommunene som tenleg. Fram til ein slik kommune eventuelt blir etablert, vil det vera fylkesnivå (eller regionalt nivå) som har eit overordna ansvar for mange av desse områda.</p>
Lokaldemokrati	Mot	<p>Randaberg kommune har eit velfungerande lokaldemokrati. I Nye Stavanger kommune vil innbyggjarane i Randaberg bli fjernare frå politikarane. Randaberg kommune har gjennom ein lang og omfattande prosess vurdert kommunereforma. Ei kommunesamanslåing er ein krevande prosess. Sjølv om Nye Stavanger kommune vil bli ein stor kommune som «overtar» eit par-tre småkommunar, vil det likevel vera utfordrande å få til ein slik prosess på ein god måte. Dersom kommunestyret i Randaberg vedtar å fortsetta som eigen kommune, vil ei tvangssamanslåing i mange år forvanska samanslåingsprosessen for heile den nye kommunen.</p>
Interkommunale samarbeid og selskap	Ikkje vesentleg	<p>Randaberg kommune er med i mange interkommunale samarbeid av ulike slag (IKS, IS, AS og stiftelsar). Ei grunngjeving for kommunesamanslåing har vore å få vekk slike selskap for å styrka den demokratiske styringa av områda selskapa forvalter. Me eig mange av desse selskapa saman med både Stavanger, Rennesøy og Finnøy. Men i dei fleste samarbeida er det langt fleire kommunar med, slik at selskap vil bestå uavhengig av Nye Stavanger kommune eller ikkje. Eksempel på slike selskap er Lyse, IVAR, Rogaland Brannvesen, Rogaland Revisjon, Ryfylke friluftsråd, Stavanger interkommunale havn, osb. PPT og Barnevernet vil bli overflødige / fasa ut i Nye Stavanger kommune (men og i Utstein kommune). Me har nå felles legevakt saman med Stavanger og Sola (Stavanger er vertskommune for Randaberg og Sola). Avtalen mellom Stavanger og Randaberg vil bli overflødig i Nye Stavanger kommune.</p>
Areal/jordvern	?	<p>Randaberg kommune består i stor grad av aktiv jordbruksjord, og har langsiktige grenser som respekterer dette. Nye Stavanger kommune vil kunna leggja ekstra press på jordbruksjord i</p>

		Randaberg, om Randaberg kommune skulle bli ein del av denne. På den andre sida vil det å spara jord i Randaberg, bli kunna brukt som argument for å bygga ut og fortetta i «gamle» Stavanger kommune i Nye Stavanger kommune.
Kommunestorleik	Uvesentleg (mot?)	Randaberg er Norges minste landkommune. Men me er ein mellomstor kommune når det gjeld innbyggjarar, og vil sannsynlegvis voksa til å ha ekspertutvalget sin «minimums»-storleik med 15-20.000 innbyggjarar om nokre tiår. Det at me er liten i areal gir oss ein kommune som er oversikteleg og lett å gi tjenester i. Mange har hevda at optimal kommunestorleik for å kunna gi gode og effektive tjenester er 20-30.000 innbyggjarar. Randaberg kommune er nærare dette enn Nye Stavanger kommune vil bli. Eit argument for samanslåing er at små kommunar ikkje er «robuste» nok til å kunna ta i mot framtidige nye kommunale oppgaver. Foreløpig er det ikkje mange nye oppgaver som er foreslått overført til kommunane, men tannhelse er ein forholdsvis stor tjeneste som er foreslått overført frå fylket til kommunane. Delar av psykiatrien er og diskutert om kan overførast til kommunane. I Randaberg helsesenter som blir bygd neste år blir det utvida lokaler for tannhelsetjenesten. I same område ligg i dag Ryfylke DPS avd. Randaberg. Rådmannen meiner derfor at Randaberg kommune på begge desse to områda i utgangspunktet er godt skodd til eventuelle endringar i ansvarsforholda.

### Konklusjon

Med bakgrunn i folkeavstemmingane i dei andre tre kommunane, og spørreundersøkinga i Randaberg kommune, ser rådmannen Utstein-alternativet som uaktuelt.

Ein stor regionkommune med utgangspunkt i Stavanger og Sandnes er og uaktuell.

Rådmannen vil derfor tilrå at kommunestyret fatter vedtak om å fortsetta som eigen kommune, og at dei grunngjer konklusjonen i vedtaket sitt.

Saksbehandlar: **Per Blikra**  
Tjenesteområdesjef:

**Kva planar har dette konsekvensar for:**

Dei fleste

**Særutskrift:**

**Fylkesmannen i Rogaland**





Dokid: 18018809 (15/2172-8)  
UNDERTEGNET INTENSJONS-AVTALE -  
KOMMUNEREFORMEN - RANDABERG -  
KVITTSØY - RENNESØY - FINNØY

22 APR 2016

FOR FOLK  
OG FE



# Intensjons-avtale



MANGE  
RANDBY  
RØNT

KMS IDENTITET  
DE HIMMEL



## Det er den draumen

Det er den draumen  
Det er den draumen me ber på  
at noko vidunderlig skal skje,  
at det må skje -  
at tidi skal opna seg,  
at hjarta skal opna seg,  
at dører skal opna seg,  
at kjeldor skal springa -  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgonstund skal glida inn  
på ein våg me ikkje har visst um.

*Olav H. Hauge*



*Fire ordførere puster lettet ut på Tungenes fyr etter at forhandlingene er avsluttet, f.v. Mirjam Ydstebø (Kvitsøy), Kristine Enger (Randaberg), Henrik Halleland (Finnøy) og Dagny Sunnand Hausken (Rennesøy).*



## 1.0. Innledning

Randaberg, Rennesøy, Finnøy og Kvitsøy har gjennomført nabosamtaler, og i fellesskap framforhandlet en intensjonsavtale med mål og prinsipper for eventuell etablering av en ny kommune. Som vedlegg til avtalen er det utarbeidet kortfattet utfyllende informasjon til enkelte av punktene.

I forkant av nabosamtalene har kommunene - hver for seg og sammen med andre kommuner - gjennomført prosesser for å utrede hvordan eventuelle endringer i dagens kommunestruktur kan bidra til å oppfylle regjeringens mål med kommunereformen:

- Gode og likeverdige tjenester til innbyggerne
- Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner
- Styrke lokaldemokratiet og gi større kommuner flere oppgaver

Prosessene har vist at å bygge en ny og større kommune vil kunne ha positive virkninger og gi nye muligheter. Samtidig er det en felles erkjennelse at sammenslåing av fire forskjellige kommuner også har ulemper og kan medføre krevende utfordringer. Det er enighet om at arbeidet med å utvikle en ny bærekraftig kommune må bygge på felles styrke og verdier, og preges av gjensidig tillit, likeverdighet, raushet og respekt for hverandres ståsted.

Dersom kommunestyrene gjør vedtak om sammenslåing, vil det bli innledet dialog med Stavanger og Hjelmeland med sikte på å innlemme Austre Åmøy og hele Ombo i den nye kommunen. Innbyggerne skal høres i en slik prosess.

## 2.0. Videre prosess

**Intensjonsavtalen skal inngå som en viktig del av beslutningsgrunnlaget når de fire kommunestyrene innen 1. juli 2016 skal ta endelig stilling til sak om framtidig kommunestruktur. Innbyggerne skal i forkant høres gjennom folkeavstemning eller innbyggerundersøkelse.**

Ved eventuelt vedtak om kommunesammenslåing, skal kommunene nedsette ei Fellesnemnd med delegert myndighet og ansvar for videre oppfølgingsarbeid, med sikte på å etablere den nye kommunen fra 01.01.2020. Det vil være behov for å utrede nærmere og avklare en rekke faglige og organisatoriske spørsmål og utfordringer.

### 3.0. Kommunenavn, visjon og hovedmål

**Kommunene anbefaler at Utstein kommune blir navnet på en ny kommune bestående av Randaberg, Rennesøy, Finnøy og Kvitsøy.**

De fire kommunene vil etter et eventuelt vedtak om sammenslåing sette i gang en prosess for å utarbeide felles visjon og kjerneverdier, samt nytt kommunevåpen. Ansatte og innbyggere vil bli invitert til å bidra med ideer og innspill i prosessen.

En ny Utstein kommune skal bygge på de fire nåværende kommunenes sterke sider og særegenheter. Lokal identitet og nærdemokrati skal ha høy prioritet. Kommunen skal bli en attraktiv kyst- og kulturkommune, preget av et mangfold av inkluderende lokalsamfunn med stort folkelig engasjement, gode velferdstjenester og et vekstkraftig næringsliv.

Utstein kommune skal være en foregangskommune på blant annet disse områdene:

- Kystkultur, kulturlandskap og kulturminne.
- Verdiskaping og kompetanse – med spesiell tyngde innen landbruk, havbruk og maritime næringer, samt teknologi fra energisektoren.
- Jordvern, høy miljøstandard og grønn energi.
- Frivillighet som "sosialt lim" og lokal utviklingskraft.
- Kombinasjon av unik natur og kultur som basis for fritidsopplevelser og reiseliv.
- Tverrfaglig samarbeid med folkehelse, forebygging og tidlig innsats for barn og unge som felles fokus.
- Tunnelsikkerhet og beredskap.
- Framtidsrettet velferdsteknologi og annen smartteknologi.

### 4.0. Økonomi - mål og forutsetninger

#### Mål:

**Utstein kommune skal ha en solid økonomi som sikrer gode tjenester til innbyggerne. Netto driftsresultat skal være i samsvar med nasjonale anbefalinger, og lånegjelden skal ligge på et forsvarlig nivå. Kommunen skal ha et disposisjonsfond som er stort nok til å kunne håndtere uforutsette utgifter, og finansforvaltningen skal sikre at verdiene av kommunens investeringer opprettholdes.**

For å oppfylle målet er de fire kommunene blant annet enige om:

- Kommunen skal frigjøre midler gjennom effektivisering av fellesfunksjoner og administrative stillinger. Frigjorte midler skal fortrinnsvis brukes til å styrke tjenestetilbudet og/eller å bidra til at de økonomiske målene nås.
- Gebyrer, avgifter og egenbetalinger skal samlet sett ikke økes utover dagens sum. Det skal foretas utjevning mellom de nåværende kommunene. Selvkost skal være et hovedprinsipp.
- Følgende måltall skal legges til grunn for kommunens drift:
  - netto driftsresultat på mellom 2 prosent og 4 prosent av driftsinntektene
  - netto lånegjeld på maksimum 80 000 kroner per innbygger

- et disposisjonsfond på mellom 5 og 10 prosent av driftsinntektene
- Kommunens varige mål for fastsetting av eiendomsskatt på boliger og fritidseiendommer skal være laveste sats på 2 promille.
- Utgangspunktet for fastsetting av eiendomsskatt på verk og bruk skal være summen av det de fire kommunene har samlet i 2018.
- Den nye kommunens investeringsprogram skal bygge på de vedtatte økonomiplanene i de fire kommunene. Investeringene skal være forankret i gjeldende kommuneplaner og være fullfinansiert i framtidige balanserte økonomiplaner.
- Kommunen skal ha et egenkapitalkrav ved investeringer på minimum 20 prosent.

*Vedlegget til intensjonsavtalen inneholder faktaopplysninger om økonomiske nøkkeltall per 2015, forventede endringer i kommunenes inntektssystem og økonomiske incentiver ved eventuell kommunesammenslåing.*

## 5.0. Samfunnsutvikling

### Mål:

**Utstein kommune skal satse på bærekraftig lokalsamfunnsutvikling og tilrettelegge for bosetting, god infrastruktur og arbeidsplasser i og rundt nåværende kommunesentra, og i mindre bygder og grendesamfunn i alle deler av kommunen.**

For å oppfylle målet er de fire kommunene blant annet enige om:

- Mål og strategier i de fire gjeldende kommuneplanene skal danne utgangspunkt for kommunens samordnede areal- og samfunnsplanlegging. Lokalbasert kunnskap og innbyggermedvirkning skal ivaretas i alt planarbeid. Ny kommuneplan skal avspeile mangfoldet av lokale forutsetninger og utfordringer, og fremme en balansert utvikling både i kommunens sentrumsområder og små lokalsamfunn.
- Arealdelen i ny kommuneplan skal videreføre prinsippet om differensierte virkemidler, som skal stimulere til variert stedsutvikling og bosetting i alle deler av kommunen. Særskilte bestemmelser for områder som har et spesielt vern som kulturminner, kulturlandskap og naturområder av høy verdi, skal opprettholdes.
- Jordvernet skal praktiseres strengt. Kommuneplanen skal fastsette langsiktige grenser for landbruket i kommunen.
- Kommunen skal ha høye ambisjoner for lokalbasert næringsutvikling og jobbskaping. Utviklingspotensialet i kommunens strategisk plasserte næringsområder av regional interesse skal utnyttes optimalt.
- Kommunen skal være en foregangskommune når det gjelder kompetanse og matproduksjon fra bærekraftig og miljøvennlig landbruk, havbruk og fiske, samt grønn energi.
- Kommunen skal profileres som attraktiv fritids- og reiselivskommune, med blant annet kystkultur, kulturlandskap, kulturminne og lokale nisjeprodukter som merkevare.
- «Den grønne landsbyen» Randaberg skal være kommunesenter i den nye kommunen. Vikevåg og Judaberg skal videreutvikles som kommunedelsenter, med offentlige og private sentrumsfunksjoner som er viktige for innbyggerne i nåværende Rennesøy og Finnøy kommune.
- Samferdsel skal være et høyt prioritert samfunnsutviklingsområde. Kommunen skal på kort sikt prioritere innsatsen for å opprettholde og videreutvikle nåværende ferje-, hurtigbåt- og busstilbud. Det skal i tillegg arbeides for bussforbindelse som kan binde den nye kommunen bedre sammen.





www.1000.com



# Gode naboer



*Fra storsamlinga i Rennesøy: Gode naboer, Henrik Halleland (t.v.), ordfører i Finnøy kommune, og Tor Bernhard Harestad fra Rennesøy kommune. Ved bordet framme, Helene M. Ohm, rådmann i Finnøy kommune. I bakgrunnen deler av Randabergdelegasjonen.*

### Samfunnsutvikling, forts.

